



DEN NORSKE KYRKJA

Fellesrådet i Stangvik og Surnadal

Postboks 19
6656 SURNADAL
Tlf: 71657065
Faks: 71657061
Kyrkjekontoret i Surnadal 21.01.2010

Møtebok Fellesrådet i Stangvik og Surnadal

Møtedato: 20.01.2010
Møtetid: kl. 13:00
Møtested: Kyrkjekontoret Skei

Tilstede:

Ildri Sjøland Øyen, Liv Marit Berset, Karstein Svendsli, Lars Polden, Ingeborg Nordlund, Bernt Venås, Jan Magne Holten, Torunn Moen.

Meldt forfall:

Ola Røe, Antonie Moen.

Saker

Sak 001/10 Budsjett 2010 – Økonomiplan 2010 –2030

Vedtak

Driftsbudsjett for 2010 (Detaljert fordeling på poster som vedlegg)

Konto	Tekst	Rekneskap 2008	Budsjett 2009	Budsjett 2010
00	Lønn	4 104 951,00	3 746 000,00	4.170 000
100	Driftsutgifter	1 177 217,00	980 000,00	950 000
200	Vedlikehald/inventar	1 212 495,00	1 150 000,00	714 000
400	Moms	428 855,00	250 000,00	320 000
500	Finansutgifter	806 231,00	313 000,00	320 000
600-999	Inntekter/motpost avskr	-2 327 301,00	-1 875 000,00	-1 835 000
	Kommunens løyving	-4 5 000 000	- 4 618 000,00	-4 514 000
	Fellesrådets budsjett- framlegg for kommunen	(5 402 448)	(4 800 300,00)	(5179007,00)

Investeringsbudsjett utsettes til neste møte

Økonomiplan

	Rekneskap 2008 Netto	Budsjett 2009 Netto	Budsjett 2010 Netto	Øk.plan 2011 Netto	Øk.plan 2012 Netto	Øk.plan 2013 Netto
Kyrkjeleg fellesråd	4 500	4 618	4 514	4514	4514	4514

Fellesrådet har lagt fram eit budsjett for Surnadal kommune med ei videreføring av dagens drift som innebar ein kostnadsauke i forhold til kommunens økonomiplan . Budsjettvedtaket frå Surnadal kommune er redusert med 5% i forhold til økonomiplan

Dette får konsekvensar for kyrkja si drift. Under handsaminga av innsparingstiltak har fellesrådet valgt tiltak som kan

takast opp at om den økonomiske situasjonen skulle endre seg.

Konsekvensene av det budsjettvedtaket er følgende:

1. Ranes kyrkje stenges
2. All ekstrahjelp, vikarar og og innleigd arbeidskraft som er lønna av kommunalt tilskott er kutta ut.
 - Dette vil føre til stenging av kontor ved ferie ,sjukdom og lignende.
 - At det ved sjukdom hos fast tilsette kan bli gudstenester og kyrkjelegehandlingar utan kyrkjetener , organist og klokkar
 - At det vil bli minimalt av vedlikehald på kyrkjer og kyrkjegardar. Det vert ikkje leigd inn ungdom til å slå gras på kyrkjegardane i sommer.
3. 80% (maks. tillatte andel) av moms kompensasjon vert teke inn i drifta og ikkje tilbakeført til investering.
4. Festeavgifta vert auka med kr 10 pr grav i året.

I tillegg er det skore ned etter osthøvelprinsippet over alle postar.

Sak 002/10 Søknad om utsettelse av frist for urnenedsetting

Søknad om å få forlenga frist for å sette ned urne på Stangvikkyrkjegard i påsken vert innvilga. Fristen for å sette ned urne er 6 mnd frå dødsdagen, familiens spesielle behov er vurdert og fellesrådet imøtekjem ynskje frå dei pårørande. Urna må vere sett ned innan utgangen av april 2010.

Sak 003/10 Val til KA sitt Landsråd

Stangvik og Surnadal KF ynskjer at fylgjande personar skal representere fellesrådet i KA sitt Landsråd : Lars Polden, Modulf Aukan og Evy Sisilie Bergum

Sak 004/10 Uravstemming - Hovedavtale

Stangvik og Surnadal kyrkjelege fellesråd stemmer JA til avtaleframlegget til ny Hovudavtale mellom partane.

Sak 005/10 Bruk av levande lys i kyrkjene

Saka sendes over til sokneråda med oppmoding om å gå igjennom bruken av levande lys i kyrkjene med tanke på fremje tiltak som kan redusere brannfaren.

.

For Fellesrådet i Stangvik og Surnadal

Ingeborg Nordlund
Kyrkjeverje